



Alver kommune v/ Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: a713b304-5506-47fb-83a1-
4be81ac09b56
Vår: 21/9172 - 21/74738

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

09.11.2021

søknad til uttale - etablering av parkeringsplass knytt til friområde - gbnr 323/204 Frekhaug

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om å etablere parkeringsplass knytt til det statleg sikra friluftsområdet Elvavika/Haltejohansvika med Frekhaug datert 28. oktober 2021.

Elvavika/Haltejohansvika er eit svært populært friluftsområde på Frekhaug. Området er godt tilrettelagt med turvegar, turstiar, gapahuk, frisbeegolfbane, toalett, benkar m.m. Det er fine badeplassar både i Haltejohansvika og i Elvavika, og stien frå Elvavika langs Mjåtveitelva og opp til Mjåtveitvegen har heilt særreigne natur-, kultur- og opplevingskvalitetar.

Området har tilkomst via sti frå Mjåtveitvegen og Galtenesvegen, og via turveg frå to ulike stader i Galtenesvegen. Den øvste tilkomsten (ved Galtenesvegen 71) er bratt og dårleg eigna for rullestlar. Tilkomsten nedst i feltet frå den omsøkte parkeringsplassen er slakkare og langt betre eigna som tilkomst for rullestolbrukarar.

Det er grunn til å tru at fleirtalet av brukarane av friluftsområdet er lokale brukarar frå Frekhaug-området, men kvalitetane i området gjer at det også har mange brukarar som held til i køyreavstand frå dette friluftsområdet. Etter at den aktuelle plassen vart stengt med bom har kommunen fått ei rekkje tilbakemeldingar om manglande parkering i tilknytning til friluftsområdet. Desse tilbakemeldingane har ikkje minst kome frå personar som treng rullestol for å koma seg fram og personar som er dårlege til beins.

Det er per i dag ikkje gode nok parkeringstillhøve til dette friluftsområdet. Mange parkerer ved Esso eller ved industriområdet på Mjåtveitflaten. Dette er ikkje ei god løysing – særleg ikkje for menneske med nedsett funksjonsevne.

Med omsyn til brukarane av friluftsområdet er det ynskjeleg at det vert gjeve løyve til å etablere parkeringsplassen slik det er søkt om. Om det ikkje vert gjeve løyve ti parkering for ålmenta bør det vurderast om det kan gjevast løyve til å etablere parkeringsplass reservert for rørslehemma.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/ Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG